

Ikkje busslomme-stopp før i juni

04.04.2011



Mykje av Ljosnes-jobben er gjort - med busslomme på utsida og buss-stopp på innsida av vegen.

Det var vurdert å ta i bruk busslomme og buss-stopp på Ljosnes før prosjektet var asfaltert og fullført, men det blir neppe aktuelt. Entreprenør Gunnar Røsseland ynskjer det ikkje. Difor blir truleg ikkje dette etterlengta prosjektet opna før ei veke uti juni. Då vil også asfalteringa vera ferdig.



Solid mur av vanleg vegvesen-standard er på plass.

Men Røsseland er godt på tur med sin del av jobben. Lomma på utsida og stopp på innsida av fylkesvegen er på plass, og omfattar mellom anna ein solid mur av kjend vegvesen-standard.

Likevel står det att ein god del, til dømes skilting, avretting, gjerdie på kanten av busslomma og støyping av fortauskant.

Kva prosjektet til slutt vil kosta har ikkje kommunen så langt oversikt over, opplyser vegansvarleg Ivar Kåre Døssland. Grunnen til det er at ein skilde element er trukke ut av tilbodet undervegs. Til dømes vart busslomma på den eine sida av vegen redusert til buss-stopp.

Og med det same vi er inne på positive, trafikale nyheiter frå fylkesvegen: I Kleivadalsvingen er det ikkje lysregulering lenger. Det er no støypt ein betong-såle som det skal plasserast eit solid stålrekkverk oppå. Det vil hindra bilførarar å køyra ned i hagen til familien Hauge heretter.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen